



Orienteringssaker

6. Nigeria og Boko Haram

Samandrag

7.-8. januar, samstundes som Paris-terroren pågjekk, kom det nyhende om eit grufullt angrep på byen Baga, heilt nord-aust i Nigeria, kor så mange som «over 2.000» var frykta drepne. Nigerianske militærkjelder sa at det ikkje var meir enn 150 drepne, andre sa at det var «mange hundre». Sjølv om det har gått snart to månader sidan angrepet, er det ingen som veit kva som har skjedd, ingen augevitne anna enn eit flyfoto som syner store øydeleggingar. Ingen journalister som dekkjer kva som har skjedd. Dette er menneske me aldri kjem til å få vite namnet til. Mellomkyrkjeleg råd vil, saman med fleire andre, vere med å støtte opp om eit privat arrangement 14. april som skal sette søkeljos på dei sakna jentene frå Chibok, samt dei mange som har lagt ut på flukt, eller mista livet i Nigeria det siste året.

Dei siste 2-3 åra har det meste i nigeriansk politikk handla om presidentvalet i 2015, som skulle ha vore haldt 14. februar. Dessverre er det tradisjon for at val vert blodig alvorlige: vald i forkant, men spesielt i etterkant av valet, er dessverre noko nigerianarar med god grunn frykter.

Opposisjonspartiet har for fyrste gong i det unge demokratiet hatt gode moglegheiter for å vinne. Men ei veke før valet skulle vore haldt, vart det avlyst grunna tryggingssituasjonen i landet. Det er utsett i seks veker, til den 28. mars. Sjølv om det no er varsla eit større regionalt militært initiativ mot Boko Haram, er det få som trur at Nigeria skal klare å svekke Boko Haram på knappe seks veker, når situasjonen berre har stadig forverra seg sidan 2011. Den nigerianske hæren har lenge gått for å vere den sterkaste i regionen, men mange frykter at militæret sin fallitt i møte med Boko Haram skuldast både mangel på evne og vilje. Det lover dårlig for Nigeria. Amnesty skuldar den nigerianske hæren for å vere skuldig i omfattande menneskerettsbrudd mot sivile i sin kamp mot Boko Haram. Boko Haram på si side har vekse seg sterkare. Majoriteten av ofra er sivile muslimar, liv tatt på busstasjonar, skuler, marknader, moskear, i heimane til folk. Kristne er ei utsatt gruppe, og kyrkjer og kristne forsamlingar har blitt jamleg angrepet. Institusjonar som symboliserer staten, er også utsette mål: politistasjonar, administrasjonssentre, fengsel og politiske leiarar.

Nigeria er med sine 170 millionar det mest folkerike landet i Afrika. Boko Haram er ikkje ein trussel i sør, eller i større deler av Nord-Nigeria, den verste aktiviteten skjer i dei tre

nord-austlege statane. Men med nå over 1,5 millionar interne flyktingar flytter problema rundt i landet.

Sjølv om tryggingsproblema er reelle, er mange svært skuffa over utsettinga. Opposisjonen er tydeleg i sin kritikk mot presidenten: ei utsetting gjev det sittande partiet moglegheit til å ta igjen det forspranget mange trur opposisjonspartiet har. Andre har kalla utsettinga for eit «mini-kupp».

Nigeria er stormakta i Vest-Afrika, og landet har den største økonomien på kontinentet. Det skjøre demokratiet står ovanfor store utfordringar framover, der utgangen, positiv eller negativ, får konsekvensar utover landegrensene.

Forslag til vedtak:

Mellomkyrkjeleg råd tar saka til orientering.

